

Retningslinjer til omsynssone H570 (pbl. § 11-8 c):

1. Eksisterande kulturmiljø skal takast vare på.
2. Tiltak innafor område av nasjonal og/eller regional verdi, og der kommunen elles finn det nødvendig, skal sendast regional kulturminnestyresmakt til uttale, med kommunen si tilråding. Likeins gjeld dette for søknadar og vedtak om riving eller vesentleg endring av ikkje freda byggverk eller anlegg oppført før 1850 (jf. kulturminnelova § 25 Meldeplikt for offentlige organer).
3. Byggverk, kulturlandskap og kulturmiljø skal sjåast i samanheng med historisk kontekst, utviklingstrekk og omgjevningar. Eksisterande bygningar og byggverk blir normalt ikkje tillate rivne.
4. Ev. nye tiltak innan eller i omgjevningane til omsynssonene skal tilpassast det eksisterande kulturmiljøet. Moment som spelar inn i slike vurderingar er m.a. tiltakets art, influensområde, arkitektoniske kvalitetar, volum/proporsjonar, materialbruk, sikt- og avstandstilhøve og topografi.
5. Einskildobjekt med lågare verneklasse, som ligg innafor omsynssonene, blir vurdert ut frå verdien dei har i kulturmiljøet som heilskap. Ved brannskade og naturskade kan erstatningsbygg førast opp att. Desse skal tilpassast eksisterande bygningar i kulturmiljøet.
6. Hovudprinsipp for vedlikehald av bygningar i omsynssonene er å ta vare på dei opphavlege bygningselementa, og å skifte ut så lite som mogleg. Det skal leggjast særleg vekt på å oppretthalde karakteren og særtrekka til bygget. Form og volum, proporsjonar, material- og fargebruk skal bevarast. Ved istandsetjing av verneverdige bygningar skal opphavleg eller eldre eksteriørmessige detaljar som panel, listverk, vindaug, dører og takteking brukast om att og i størst mogleg grad reparerast, framfor å verte skifta ut.
7. Graving, fylling eller planering etc., som øydelegg steingardar, rydningsrøyser, bakkemurar, vegfar, steinsette bekkefar og liknande landskapselement bør ikkje tillatast.
8. Verneomsyn ikkje skal vera til hinder for å oppfylle krav til funksjon og tryggleik på bygg og anlegg, inkl. kraftverksdammar, flaumverk, infrastruktur, bygningar av ulike slag osb.

Om søknadspliktige og ikkje søknadspliktige tiltak, tilhøvet til plan- og bygningslova mm., syner vi til planomtalen, m.a. kapittel 4.4.2. *Konsekvensar for eigarane.*